

KYRKJE OG MISJON I KAMERUN I DAG

av

JUSTEIN BUDAL

Verda er ikkje lenger det ho var. Der er omforming og nyskipnad på alle kanter, økonomisk og politisk. Og Afrika er ikkje noko unntak, ein kunne kanskje heller seia tvert om, det er her det skjer at eit samfunn skal gå frå steinalderen over i den atomiserte alderen.

Misjon er heller ikkje lenger det han var. Den gamle misjonen møtte primitive folkeslag, og primitive tilhøve, i dag møter han meir og meir eit moderne samfunn. Dessutan har han ikkje lenger berre med heidningar å gjera, men med grupper av kristne som gjerne vil halda fast ved den kristne bodskapen, men som samstundes kjenner seg solidariske med sitt folk i den nasjonale frigjeringsstriden. Det er ikkje det at dei ikkje har respekt for den kvite manns kultur, dei ser så altfor godt kor mykje lenger den kvite mann har kome enn dei, men det ligg og ulmar under: Kan ikkje me svarte greia det same som den kvite mann?

Og i Kamerun er det som andre stader. Der er knapt nokon uvilje mot kristendomen, og i og for seg heller ikkje mot den kvite mann, men det er alltid dette same om å nå opp, få vera seg sjølv. — Framleis er det store og effektive propagandaordet mot kommunismen: Ateisme! Gong på gong møter me det i talane åt offisielle embetsmenn, og unge radikalarar som brukar kommunistisk terminologi og delvis metodar, skriv til sine lærarar frå misjonsskulane og forsikrar: Me kan ikkje godtaka kommunismen, for den er ateistisk!

Men korleis er den kyrkjelege stoda utanom det? Korleis lever organisasjonane, og korleis står det til med det åndelege liv?

Der eksisterer både misjonar og kyrkjer i Kamerun. Kyrkjene er skipa i sør der det alt har vore drive misjonsarbeid i hundre år, og der mange kristne leidarar har fått god utdanning. På ein måte kan ein kanskje seia at misjonane der i sør var seint ute med å organisera kyrkjene. Det var fyrst då landet opplevde geriljakrig og politisk uro at det vart gjort. Det laut handlast snøgt om ikkje motviljen mot utanlandsk styre også skulle gå ut over misjonsarbeidet.

Det vart skipa to store kyrkjesamfunn i sør, Les églises évangéliques et baptistes, og l'Eglise Presbytérienne. Det fyste kyrkjesamfunnet omfatta det franske misjonsfeltet ved kysten og opp mot britisk Kamerun. Arbeidet var i si tid grunnlagt av tyskarar, men etter fyrste verdskrig tok La Mission de Paris over arbeidet, fordi Kamerun då gjekk over i franske hender. Denne misjonen har både reformerte, lutherske og baptistiske misjonærar i si teneste, difor er det her skipa ei samlingskyrkje av ulike grupper. I si tid arbeidde både baptistiske og lutherske tyske misjonærar i dette området, afrikanarane kjende seg difor alt frå gammalt kløyvde, og dei ville gjerne halda på tradisjonane.

Pastor Kotto, leidaren for den evangeliske delen av kyrkja, sa at afrikanarane i sitt konstitusjonsframlegg for kyrkja kort og godt hadde skrive: Kyrkja vedkjenner seg til den lutherske lære. Men då hadde det vorte eit ramaskrik frå dei franske misjonæranne si side, dei sa at om denne paragrafen vart ståande vil dei straks dra sin veg. Då hadde paragrafen vorte stroken. Men, la pastor Kotto til, han kjem nok inn att, for våre fedre var opplærde som lutheranarar, og mange av oss kjenner oss mest knytte til det lutherske sakramentsynet.

Franskmennene gjekk svært langt i sjølvstendigjeringa av kyrkja. Så langt at me her i nord tykte det vart for mykje. Alle misjonseigedomane vart gjevne over til kyrkja, misjonærlønene vart betalt av misjonsselskapa til kyrkjekasserarane som så atter betalte ut til misjonæranne. Dette var gjort for å hindra klage over at der ikkje var jamstelling, og for å driva attende baktalen om kor høg løn misjonæranne fekk. Misjo-

nærane skal ikkje lenger kallast misjonærar, dei er medarbeidarar i kyrkja. I prinsippet skal ikkje ordet misjon finnast lenger. Det er meg fortalt at det jamvel har gått så langt i visse store sentra i dette området at misjonærane ikkje lenger samlast til bønemøte mellom seg sjølve.

Franske misjonærar, serleg leidarane, er fulle av lovord om den nye ordninga. Og dei meiner at ein av grunnane til at kyrkjekipnaden har gått så bra, er at dei høyrer til ein fatig misjon. Afrikanarane kan ikkje krevja noko, for dei veit at der finst ingen ting å hala i Frankrike. — Det ser også ut til at denne kyrkja har fått gode leidarar.

Den baptistiske og den evangeliske delen av kyrkja er skilde og har sine eigne gudshus, men dei samarbeider likevel i ein organisasjon.

Det store bamilekeområdet som høyrer inn under denne kyrkja, har no i lang tid vore forlete av kvite misjonærar på grunn av den politiske uroa. Jamvel om der aldri var direkte åtak på protestantiske misjonsstasjonar, slik som på katolske, hadde det likevel kome trugsmålsbrev, til dømes til lækjarane på det protestantiske hospitalet.

Lenger inne i landet har den amerikanske, presbyterianske misjonen arbeid, men også her på tuftene etter ein gamal tysk misjon. Den tyske administrasjonen delte landet opp i katolske og protestantiske misjonsfelt, difor kjenner visse rasar seg i dag helst som katolske, andre som protestantiske. Yaounde, hovudstaden i landet, høyrer såleis opphavelig til eit katolsk område.

Heller ikkje den presbyterianske misjonen eksisterer i dag i namnet. Misjonærane vert kalla «broderlege medarbeidarar». Men misjonen har likevel ytt store pengetilskot til mange tiltak. Tilhøvet misjon kyrkje har kanskje til sine tider vore litt meir spana i dette området, kanskje for di dei her har fått ein kyrkjeleidar som syner ikkje så få diktatoriske tendensar etter det motstandarane hans hevdar. Dette siste er elles ei freisting som ser ut til å liggja svært nær for mange i Afrika. Pastor Kotto sa det slik:

Demokratiet er ikkje afrikansk! Vår styreform er den store, mektige byleidaren. I grunnen tiltalar bispekyrkja oss, men eg må sjølv sagt vedgå at det kan vera ikkje så lite egoisme i dette og, det er ikkje så visst ein ville vera så svært oppglødd for å få ein annan enn seg sjølv i denne stillingen.

Då kyrkjekomiteane vart valde, vart misjonærene sette utanfor over alt utan i plaseringsnemda for prestar og misjonærar. Men når ein spør misjonærene kva dei tykkjer om den nye skipnaden er dei oftast fulle av lovord. Ein sa det slik:

— Misjonærene vert no plaserte alle stader der afrikanarane ikkje har hug å gå, men dei likar det slik, dei likar å koma ut i «broussen», villmarka.

Personleg tykte eg nok det var å vurdere misjonæren temmelig lågt, og såg det som eit apropos til vår kyrkjekonstitusjon for den lutherske kyrkja. Der heiter det at misjonærkonferansane skal plasera misjonærene i samarbeid med kyrkjenemda. Då eg nemde dette for misjonæren frå sør, svara han at det nok også ville vera det rettaste her hjå oss. Nivået her oppe er så mykje lågare enn i sør. Der har dei i dag mange afrikanske prestar som kan mæla seg med sine kvite kollegaer i utdanning, men det me her hjå oss kallar presteskule ville dei i sør kalla bibelskule, sa han.

Men, heldt misjonæren fram, i det medisinske arbeidet skulle me gjerne ha lika å bremsa litt i den presbyterianske kyrkja. Afrikanarane, og serleg sjukepassarane, har fått så mykje å seia i våre misjonshospital at lækjarane har mist mykje av den autoritet dei burde ha.

Vår lutherske kyrkja skal skipast no i desember (1960). Ho skal ha fire distriktsynodar, to frå det norsk-amerikanske og to frå vårt misjonsfelt. Desse synodane har halde sine synodemøte og valt kvite til synodepresidentar over alt. Konstitusjonen er utarbeidd, men skal endeleg vedtakast på generalsynodemøtet for heile kyrkja.

Visse ting i konstitusjonen kan kanskje koma til å skapa rivningar i framtida, som til dømes spørsmålet om misjonærplasinga, men stemminga på dei distriktmøte som til no har vore

haldne har vore svært pro-kvit. Mange har jamvel tala imot at kyrkja skal verta sjølvstendig. Me reknar med at misjon og kyrkje skal eksistera side om side, misjonen skal ikkje avviklast slik som i sør. Skulane og hospitalarbeidet skal framleis heilt vera under misjonen. Dette er naturleg av mange grunnar, både administrative og økonomiske. Kyrkja er framleis ikkje sjølvhjelpen økonomisk.

Misjonen er ung her på vårt felt, han har berre eksistert i 35 år. Fyrst i dei seinare år har ein merka nokon større framgang for Evangeliet. Feltet er sterkt muhamedanisert, og dei kristne har ikkje vortne vunne i store flokkar. Oftast arbeider katekistane med mykje motbør, det er fyrst og fremst gjennom dei små franske skulane at me har kunna bryta isen mange stader. Dersom misjonen skulle måtta forlata landet i dag, veit me ikkje korleis stoda ville utvikla seg. For kyrkja ville det vel verta ein beisk strid for å vera eller døy. Dei kristne høyrer til ein sosial underklasse, og kyrkja har ikkje mange leidarar, ingen av våre prestar har såleis folkeskuleeksamen.

Me har endå ein luthersk misjon i nord, dei lutherske brørne. Det er også ein norsk-amerikansk misjon. Diverre vart det ikkje kyrkjjesamarbeid med dei i fyrste omgang. Dei vil truleg koma til å skipa si eiga kyrkje. Det er serleg heimestyret deira som har sett seg imot kyrkjjesamarbeid, og grunnen er at den amerikanske lutherske kyrkja er medlem av kyrkjene sitt verdsråd.

Endå lenger nord arbeider baptistiske og alliansemisjonar, men der er arbeidet så nytt og tilhøva så primitive at det nok endå vil gå mange år før det vert tale om kyrkjjeskipnad.

Den katolske kyrkja er i sine område temmeleg sterk. Kattolikkane sin store strategi og spesialitet er skular, og det arbeidet har gjeve gode resultat. Til dette arbeidet får dei til liks med protestantane store statstilskot.

Korleis er så den åndelege stoda i dei nye kyrkjene? Inntrykk og syn kan vera så motstridande at ein ikkje alltid veit å døma rett. Det er sikkert rett som den amerikanske misjonæren sa då

han tala om den presbyterianske kyrkja: Dei er diverre så altfor opptekne av å organisera at dei ikkje lenger har tid til å evangelisera. Men, la han til — det vert betre når dei har gått av seg dei fyrste åra som sjølvstendig kyrkje.

Dette motstridande møter ein også hjå dei einskilde kristne. Stundom har kristendomen fått form av ein sosial ferniss. Det er ei skam å vera heidning og ei ære å vera kristen. Andre gonger møter ein menneske som tydeleg har møtt kristendomen som eit kall til omvending. Mellom «les évolués» kan ein stundom råka på ein snobbet vilje til å ta etter det som er europeisk. Dei kan til dømes kalla seg fritenkjarar. Men ein spør seg sjølv kor djupt det stikk, om det ikkje til sjuande og sist berre er ei etterlikning av ein fransk funksjonær dei har møtt. — På den andre sida møter ein også einarane, som vågar å hevda og leva ein kristendom på tvert av skikk og bruk.

Stort sett må ein nok seia at samfunnslivet ikkje har vorte så omskapt som ein skulle ynskja. Det synest som dei ærlege og trugne høyrer til dei store unntak. Drikk og korrupsjon er svært utbreidde, heidensk og egoistisk tankegang møter ein i alle klassar og miljø, og polygamiet er god forretning etter dei sosiallover som gjeld. Og likevel møter ein dei einskilde som ser ut til å stå straumen imot, trass i alt er kristendomen også her surdeig. Og kyrkje og misjon har ei sterk kontaktflate med folket, dei er faktorar som tel med.